

## Notat

**Til:** Hovudutvalet for opplæring

**Frå:** Fylkesdirektør for opplæring

### Nytt til skuleåret 2018-2019

- Fag og timefordeling.  
Utdanningsdirektoratet har lagt fram fag- og timefordeling og tilbudsstruktur for Kunnskapsløftet i rundskriv [Udir-1-2018](#)
- Skulen skal delta i kommunalt tverrfagleg arbeid  
Stortinget har vedteke ei plikt i opplæringslova og friskolelova for skulen til å samarbeide med kommunale tenestetilbydarar om fleirfagleg vurdering og oppfølging av elevar med spesielle vanskar. Endringa trer i kraft 1. august 2018.
- Forbod mot nikab og burka i skolen  
Stortinget har [vedteke](#) at det frå 1. august er forbode å bruke nikab og burka i skulen. Forbodet gjeld for elevar, studentar og tilsette ved utdanningsstader i privat og offentlig sektor, inkludert skulefritidsordning, leksehjelp og opplæring utanfor lærestadane sine område.
- Fagbrev på jobb – ny modell  
Stortinget har vedteke endringar i opplæringslova og friskulelova som inneber ein ny modell for å få fag- eller svennebrev. Ordninga gjev personar høve til å få fag- eller svennebrev på grunnlag av allsidig praksis, realkompetansevurdering og opplæring kombinert med rettleia praksis i vanlig arbeid.  
**Fylkesdirektøren ventar på informasjon frå utdanningsdirektoratet om den nye modellen.**
- Elevar på Vg1 kan søke seg over til yrkesfag Vg2  
Utdanningsdirektoratet innfører ei ny ordning der elevar frå Vg1 studiespesialisering kan gå over til Vg2 yrkesfag, og samstundes fullføre opplæringa på normert tid. Fylkeskommunane kan ta i bruk ordninga frå skuleåret 2018-2019.  
**I Sogn og Fjordane er talet elevar som byter frå studiespesialiserande utdanningsprogram til yrkesfaglege utdanningsprogram etter vg1 lavt og med stor geografisk spreining. Etter skuleåret 2017/2018 er det 12 elevar som har bytta til yrkesfagleg utdanningsprogram for skuleåret 2018/2019. Fylkesdirektøren ser på noverande tidspunkt ikkje korleis ei slik ordning kan organiserast i Sogn og Fjordane og må komme tilbake til hovudutvalet med eventuelle tilrådingar.**
- Reglane om opplysningsplikt til barnevernet har blitt endra  
Barnevernstenesta er avhengig av at andre som er uroa for barnet melder fra til den kommunale barnevernstenesta. Reglane om opplysningsplikta blei 1. juli 2018 endra, slik at det skal være lettare å bruke reglane rett.

Det er gjort endringar i [barnehageloven § 22](#), [opplæringsloven § 15-3](#) og [friskoleloven § 7-4](#).

- Mobbeombod i alle fylker

Frå hausten 2018 får alle fylker sitt eige mobbeombod. Mobbeombodet skal støtte og rettleie barn, elevar og foreldre slik at dei får teke i vare sine rettar til eit godt psykososialt miljø i barnehage og grunnskule. Mobbeombodet skal også samarbeide med elev- og lærlingeombodet for at elevar og lærlingar får teke i vare sine rettar til eit godt psykososialt miljø i videregående opplæring. Ordninga skal evaluerast. [Les meir på regjeringen.no](https://www.regjeringen.no).

**I Sogn og Fjordane er Aina Drage starta i jobben som mobbeombod.**